

Mestring skapar helse og livskvalitet!



Osterøy kommune



Informasjon

om

Heimetenesta

I Osterøy kommune



Organisering:

Heimetenesta har kontor i Lonevåg Arena og yter helsehjelp og praktisk bistand i heimen til innbyggjarane i Osterøy kommune.

Føremål:

Heimetenesta skal medverka til at alle brukarar av tenesta på Osterøy skal ha ei sjølvstendig livsform og kunne bu lengst mogeleg i eigen heim. Prinsippet om hjelp til sjølvhjelp ligg til grunn for all tenesteyting.

Tenesta skal vera av god yrkesetisk standard og ha høg fagleg kompetanse for å yta forsvarlege helsetenester i tråd med brukarane sine behov.

Målgruppe:

Personar som mottok heimetenester har eit særleg hjelpebehov grunna sjukdom, funksjonshemming eller aldring. Ein god relasjon mellom brukar, pårørende og Heimetenesta er tufta på dialog og samarbeid.



Søknad:

Søklar nyttar det kommunale søknadsskjemaet om helse- og omsorgstenester som ligg på kommunen si heimeside. Ved behov for rettleiing kan ein kontakta Heimetenesta.

Søknad vert behandla i forvaltningseininga. Ved kartlegging av nye brukarar eller ved endring av hjelpebehov, er det vanleg å foreta eit heimebesøk hos brukar.

Vedtak om tildeling av hjelp:

Når søknad er ferdigbehandla får brukar eit vedtak. Vedtaket er styrande for kva hjelp som vert tildelt og kva tid som er avsett til oppdraget. **Tilsette i Heimetenesta må yta hjelpa innanfor gjeldande vedtaks- og tidsrammer.**

Heimetenesta yter helsehjelp til:

- personleg stell
- medisin
- tilsyn
- rehabilitering
- sjukepleie
- lindrande behandling ved alvorleg sjukdom.
- ernæring
- tryggleiksalarm

Pris:

Helsetenester er gratis.
Praktiske bistandstenester har ein eigenandel.

Klagerett:

Dersom brukar er misnøgd med vedtaket gjeld klageretten innan tre veker. Brukar kan også be om rettleiing frå kommunen til å skriva klage.

Kontaktinformasjon:

Einingsleiar Heimetenesta: May-Britt Borge tlf. 56192611

Avdelingsleiar: Anne B.Jørgensen tlf. 56192613

Avdelingsleiar: Kamilla Hafsås Alver tlf. 56192781